


Plan for trygt og godt skulemiljø



Bryne skule og SFO

Innhald

DETTE ER OSS	s. 3
DET FØREBYGGANDE ARBEIDET	s. 4
KVA ER MOBBING	s. 8
AKTIVITETS OG DOKUMENTASJONSPLIKT	s. 9
KVA GJER ME VED MISTANKE OM OG AVDEKKING AV MOBBING	s. 9
SKJERPA PLIKT	s. 11
VEDLEGG	s. 12
Olweus rutinar	
Rapporteringsansvar	s. 12
Olweus standard	s. 12
Plan for sosial kompetanse	s.14
Vaktordninga	s. 19

Opphavsrett på bilete i planen knytt til Olweusarbeidet: RKBV Vest

DETTE ER OSS

Bryne skule ligg i hjarta av Bryne. Me er ein sentrumsskule, 1.-7.trinn, og me har i snitt mellom 450- 480 elevar. Innføringstilbodet er lagt til Bryne skule og er ein viktig del av laget vårt. Me er stolte over elevar og tilsette.

Skulen har ei stor SFO-avdeling med om lag 150 born.

Visjonen vår er: ***Me vil gje elevane lyst på livet og evne til å meistra det.*** Denne visjonen skal prega arbeidet vårt. Visjonen er og ein integrert del i arbeid med trygt og godt skulemiljø, sosial kompetanse og anti-mobberarbeid. Å læra å vera gode i lag, vil gjera elevane meir trygge og robuste.

Skulane er pålagde å ha internkontroll jamfør Opplæringslova § 25-1. Denne planen er utarbeidd for å visa korleis me arbeider systematisk med trygt og godt skulemiljø og med anti-mobbearbeid. Planen er laga med utgangspunkt i Opplæringslova §12 - Skulemiljøet til elevane og systemet for kvalitetssikring - og Olweus-programmet.



DET FØREBYGGANDE ARBEIDET

OPPLÆRINGSLOVA §12-2 og §12-3

“Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring”. (§12-2)

“Skulen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.” (§12-3)

Me på Bryne skule og SFO arbeider systematisk for eit trygt og godt læringsmiljø. Det førebyggjande arbeidet er ein viktig del av dette. Me vil læra elevane å ta vare på kvarande. Me vil at dei skal fungera godt i fellesskapet.

Oppdraget er heimla i ulike lov og planverk, blant anna i [Opplæringslova](#), [Overordna del av læreplanen](#) og i [Barnekonvensjonen](#).

Me arbeider med verdier som fremmar menneskeverdet, og som gjer at me tek vare på demokratiet. Me skal rusta barna til å handtere dagen i dag, - og for framtida. Dette er i tråd med visjonen vår.

Skulen arbeider aktivt med “Lagånd”. Dette gjeld både sosialt og fagleg. Me ønsker å ha fokus på dette for å fremja mangfaldet på skulen.

Komponentar som verkar saman i det systematisk arbeid for skulemiljøet

I det førebyggjande arbeidet hos oss er Olweus og Zippys venner sentralt.

Olweusprogrammet viser til desse kjernekomponentane som grunnlag for arbeidet:

- Kollektiv kompetansebygging
- Undersøkingar og systematisk bruk av data
- Kvalitet på inspeksjon
- Skulereglar mot mobbing
- Klassemøter og sosial læring
- Samarbeid med foreldre/føresette

Kollektiv kompetansebygging

Heile personalet gjennomfører og sikrar Olweusprogrammet. Tema frå Olweus blir gjennomgått på plandagane, og i utviklingstid/møter for lærarar og miljøpersonale. Nytilsette blir kursa i enten Zippys venner eller Olweus. Det er utarbeidd års- og temaplanar for personalet som skal sikra refleksjon og kompetanseheving hos personalet.

1.-3 (4). trinn gjennomfører “Zippys venner/ Eples venner”. (Sjå vedlegg bak i planen for å få meir informasjon om årsplanar for elevane, og innhald og strukturar i Olweusprogrammet.) Olweus blir gjennomført 4.-7. trinn.

Undersøkingar og systematisk bruk av data

Me brukar elevundersøkinga og Olweusundersøkinga som viktig tilbakemelding på kva me må jobba meir med på skulen vår. Resultat frå undersøkingar blir gjennomgått i personalet. Her blir det lagt opp til samtalegrupper kring resultata, og me drøftar tiltak og vegen vidare.

Resultata blir også teke opp i elevråd og FAU for refleksjon og innspel. Skulen brukar og “Klassetrivsel” som datagrunnlag for tiltak i den enkelte klassen.

Kvalitet på inspeksjon

Inspeksjon er ein viktig del av skulekvardagen. Me har inspeksjon på agenda på plandagane, og har det og som tema i utviklingstid. Me tek blant anna om korleis ein bruker arenaen for å bli kjend med elevane, sosial rettleiing, observasjonar, reglar og retningslinjer for vakt. Det er utarbeidd skriftlege retningslinjer for vaktordninga. (sjå vedlegg). Leiinga kvalitetssikrar vaktplanen jamleg i løpet av skuleåret.

Skulereglar mot mobbing

Skulen har reglane som Olweusprogrammet legg opp til:

- Me skal ikkje mobba andre
- Me skal prøva å hjelpa elevar som blir mobba

- Me skal også vera saman med elevar som lett blir åleine
- Om me veit at nokon blir mobba, skal me fortelja det til kontaktlærer eller ein vaksen og dei heime

Klassane går gjennom desse reglane i klassemøta, og når det er behov for ei repetering. Klassane kan og utarbeide eigne klassereglar der dei skildrar korleis dei vil ha det i klassen sin.

Klassemøter og sosial læring

Alle klassane gjennomfører klassemøter, minimum kvar 14. Dag. Timen er timeplanfesta på alle trinn og blir kalla Olweus/Zippy/Eples venner-timen. Det blir skrive referat frå klassemøter, og trinnkontakt saman med avdelingsleiar har ansvar for at referata blir skrivne. Innhaldet i timane står skildra i årsplanane bak i denne planen.

Samarbeid med foreldre/føresette

FAU er ein viktig samarbeidspartnar for å vera med å laga eit trygt og godt læringsmiljø. Tema som omhandlar elevane sin trivsel blir drøfta, og foreldre får koma med innspel. Gode eksempel på at dei er med på å ta vare på elevane våre, er at dei arrangerer elevkveldar og er trafikk-vakt i den mørke vintertida me har.

I saker som oppstår på skulen er det viktig med eit tett samarbeid med føresette. Dette vil gjelda både for dei som har elev som er utsett for mobbing og for dei som har elev som utsett andre for mobbing. Både føresette og elev skal ha medverknad i aktivetsplanar som blir utarbeidd.

Andre eksempel på aktivitetar som skulen gjennomfører i det førebyggjande arbeidet

TRIVSELSLEIARPROGRAMMET

Skulen er med i trivselsleiarprogrammet. Programmet skal gjennom organisert leik redusere konflikhtar, bygge gode vennskapsrelasjonar og fremja vennlegheit og respekt. Meir informasjon om programmet finn ein på: www.trivselsleder.no



ANDRE TILTAK:

Leik, fadderordning, fellesprosjekt og førestillingar på trinn, lagånd-veke, markering av merkedagar og høgtider, årsplanar for sosial kompetanse, ordensreglane, vaktplan og system som sikrar nærvær og tryggleik.

Planar i Time kommune:

I det førebyggjande arbeidet skulen gjer, er planane i Time kommune viktige for oss. Her er det gode [overgangsplanar](#) for barnehage/ skule og skule/ungdomsskule. Bryne skule og SFO arbeider tett og godt med barnehagar og ungdomsskular, slik at me sikrar ein god overgang for elevane.

Me arbeider og etter plan for [nærvær](#). Blir me uroa over skulefråvær tek me raskt kontakt med heimen.

Andre viktige planar i Time:

[Handlingsplan mot vald og trakassering i skulane](#)

Skulen har same ordensreglement som dei kommunale:

[Ordensreglar](#)

Sjå elles kommunen sin informasjon angående [«Trygt og godt skulemiljø for elevar i Time kommune»](#).



KVA ER MOBBING?

Bryne skule og SFO brukar denne definisjonen på mobbing: «Ein elev er mobba eller plaga når han eller ho gjentekne gonger og over ei viss tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar, og han/ho som vert mobba, har vanskar med å forsvare seg.» (D. Olweus)

Mobbing er kjenneteikna ved: - aggressiv eller «vondsinna» åtferd - som vert gjenteke over ei viss tid - ofte prega av fysisk eller psykisk ubalanse i maktforholdet mellom den som blir mobba og den/dei som mobbar. Mobbinga skjer ofte utan nokon openbar provokasjon frå offeret si side.

Bryne skule har null-toleranse overfor mobbing og antisosial og krenkande åtferd. Dette inneber at me har ei plikt til å arbeida førebyggjande og til å gripa inn i saker. Alle elevane, uavhengig av kjønn og nasjonalitet, skal kjenna seg trygge og trivast på skulen. Det er også viktig for elevane å vite at dersom det skjer noko, kan dei søka hjelp. Dei skal og læra at ein kan gjera galt, men at det er godt å få retta ting opp igjen.

AKTIVITETS OG DOKUMENTASJONSPLIKT

OPPLÆRINGSLOVA §12-4

Plikt til å sikra eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Lovtekst:

“Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skulen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skulen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skulen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

- *kva problem tiltaka skal løyse*
- *kva tiltak skulen har planlagt*
- *når tiltaka skal gjennomførast*
- *kven som skal gjennomføre tiltaka*
- *når tiltaka skal evaluerast*

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig. (§12-4)

KVA GJER ME VED MISTANKE OM OG AVDEKKING AV MOBBING?

Det er viktig at ein har ei trygg og god sakshandsaming i mobbesaker, og skulen har rutinar og prosedyrar som skal kvalitetssikra dette arbeidet. Det er forvaltningslova som er gjeldande i dette arbeidet. Når skulen får varsel om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, har skulen ei aktivitets og dokumentasjonsplikt.

Det er viktig å undersøka saka grundig. Når mobbing blir avdekka, må me setta inn gode tiltak. Det skal i løpet nokre få dagar, lagast ein aktivitetsplan. Dersom føresette ikkje er tilfredse med skulen sin aktivitetsplan, kan dei klaga saka direkte inn til Fylkesmannen som fattar enkeltvedtak i dei ulike sakene. Alle sakene vert arkiverte og journalførte.

Punkta under er retningsgjevande når me får mistanke om og avdekker mobbing.

1. Tilsette/føresette/elevar melder om sak
2. Leiing skriv saka i varslings skjema i Sikker Sak

3. Kontaktlærer snakkar med dei involverte elevane ein og ein. Det må noterast kva som kjem fram i samtalan, slik at ein kan setta inn rett tiltak i ein eventuell aktivitetsplan.
4. Det blir gjennomført observasjonar av elevane i timar, friminutt og i overgangar som til dømes i gangen. Kontaktlærer informerer trinnet om situasjonen slik at alle kan vera med på observasjonane.
5. Etter at undersøkingane er gjennomførte, må ein vurdere; er dette mobbing eller er det noko anna?

Dersom det er avdekka mobbing og /eller utrygt miljø, må ein gjera fylgjande:

(Dei neste punkta kan kontaktlærer, sosiallærer, rektor eller kontaktlærer i samarbeid med sosiallærer og rektor ta ansvar for.

6. Utarbeid aktivitetsplan. Funna i punkt 1-3 vil danna grunnlaget for ein aktivitetsplan. Innhaldet i aktivitetsplanen skal utarbeidast i lag med elev og føresette. Den mobbeutsette må få vita kva som kjem til å skje vidare og kva som vil stå i planen, og ha medverknad på kva som skal vera tiltaka. Det skal settas dato for evalueringar i planen.
7. Konfronterande samtale med den/dei som mobbar. Samtale med ein om gongen der ein fortel kva som vil skje vidare. I denne samtalen bør det vera 2 vaksne til stades. Det skal skrivast referat/notat frå dette møtet. Informer føresette til mobbarane om kva som har skjedd samt kva som skal skje vidare.
8. Avtal nye møter, både med den som har blitt mobba og mobbarane. Dette for å forsikra at mobbinga tek slutt.
9. Kontaktlærer må fylgja opp både den som har blitt mobba samt mobbarane over tid (Spørja etter korleis det går, notat frå samtalen). Er mobbarane frå annan klasse, vil det vera kontaktlærer frå den klassen som følger opp vidare.
10. Dersom tiltaka over ikkje nyttar, må føresette til mobbarane kallast inn til møte på skulen.

Det er viktig at ein dokumenterer alle samtalar med dei involverte. (Eks: referat, journalnotat)

Eksempel på tiltak i ein aktivitetsplan:

Alle tiltaksplanar har individuelle tiltak. Tiltaka må vera med utgangspunkt i det som er avdekka i observasjonar, og med innspel frå elev, føresette og tilsette.

Eksempel på tiltak som kan vera med i ein plan:

- Vidare observasjonar
- Systematiske samtalar med elevar
- Ekstra oppfølging i friminutt og timar
- Tilrettelegging i forhold til situasjonar som er utfordrande
- Bruk av friminuttsvenn

Eksempel på tiltak dersom ein elev gjer situasjonen vanskeleg for medelevar kan vera:

- Friminutt til ulik tid, «time-out» i delar av eller i heile friminutt
- Eleven får ha friminutt på eit avgrensa område
- Endra eleven si plassering i klasserommet
- Jamlege samtalar med skulen sine sosiallærarar
- Vurdera klassebytte

I alle saker må eleven sine føresette involverast. Elev og føresette skal få moglegheit til å uttala seg før aktivitetsplanen blir laga.

SKJERPA PLIKT

OPPLÆRINGSLOVA §12-5

Skjerpa plikt til å melde frå:

“Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skulen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.” (§12-5)

Dette betyr at tilsette skal:

- Melde direkte til rektor ved mistanke eller kjennskap til krenking. Rektor melder vidare til Fagstab Oppvekst v/skulesjef. Dette blir ikkje gjennomført om det blir avdekka som grunnlaus mistanke.
- Melde Oppvekst skule v/skulesjef eller direkte til fylkeskommunen om ein avdekkar at ein i leiinga krenkar ein elev



VEDLEGG TIL PLANEN

KVALITETSPROGRAMMET - BRYNE SKULE

OVERSIKT OVER RAPPORTERINGSANSVAR - OLWEUSRUTINAR

Aktivitet	Ansvar for rapportering	Tidspunkt
Sjekkliste rektor	Rektor/avd.leiar	Ved slutten av skuleåret

Sjekkliste kontaktlærer	kontaktlærer, sosiallærer, Olweusteam	Desember og mai
Referat Olweus klassemøte	Kontaktlærer, trinnkontakt	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte haust	Rektor/Olweusteam	Rett etter gjennomført møte
Introduksjonskurs for nytilsette	Time kommune, Olweus-instruktør	Hausten
Referat introduksjonskurs for nytilsette	Time kommune, Olweus-instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Sjekkliste elevråd	Elevrådsansvarleg	Rett etter gjennomført møte
Melding om avvik	Den som oppdagar avviket	Umiddelbart
Avvikshandsaming	Rektor	Ved behov
Sakshandsaming	Rektor	Ved behov
Aktivitetsplan	Rektor, kontaktlærer	Når ein får varsel om/mistanke om mobbing

OLWEUS-STANDARD

Tiltak	Tid	Ansvar	Dokumentasjon
1. To gonger i året skal det arrangerast personalmøte der hovudelementa i det tidlegare og framtidige antimobbearbeidet blir gjennomgått og diskutert	PU-tid haust og vår	Leiinga	Referat
2. Det blir gjennomført 5 pedagogiske samtalegrupper for personalet i løpet av året	3 haust 2 vår	Leiinga	Referat
3. Det blir halde minst ein dags innføringskurs om Olweusprogrammet for nytilsette	Haust	Olweusgruppa i kommunen	Referat
4. Det blir gjennomført undersøking med Olweus spørjeskjema om mobbing blant elevane ein gong i året	Februar	Sosiallærer/avd .leiar/kontaktlærer	Oppsummering av undersøkinga frå Olweusgruppa sentralt
5. Inspeksjonsplanen blir gjennomgått, kritisk vurdert og eventuelt revidert minst ein gong i året	August	Rektor	Laminert lapp til dei som går vakt med inspeksjonsreglar
6. Lærarane og resten av personalet gjer aktivt bruk av dei fire skulereglane mot mobbing og handhevar dei så konsevent som mogleg Reglane er: - Vi skal ikkje mobba andre.	Kontinuerleg	Alle	Reglane skal henga i alle klasserom

- Vi skal prøva å hjelpa elevar som vert mobba. - Vi skal invitere dei som går åleine inn i leiken. - Dersom vi veit at nokon blir mobba, skal vi fortelja det til dei vaksne på skulen eller dei vaksne heima.			
7. Trinna har minimum 2 Olweusmøter i elevgruppa pr.mnd om mobbing og liknande tema	To gonger pr.mnd	Kontaktlærar	Referat skal samlast i Olweusmappa i Teams
8. Mobbing blir tatt opp som tema på minst 2 elevrådsmøter kvart skuleår	Haust og vår	Elevrådsansvarleg	Referat i Olweusmappa i Teams
9. Mobbing skal vera tema i dei faste elevsamtalane	Haust og vår	Kontaktlærar	Elevsamtaleskjema
10. Dei føresette blir halde godt orientert om skulen sitt førebyggjande og problemløysande antimobbearbeid, minst på 1 foreldremøte i året, i dei faste utviklingssamtalane og i FAU. Antimobbearbeidet er og tema på foreldremøte for nye førsteklasseforeldre.	Vår og haust	KontaktlærarLeiinga	Referat
11. Skulen skal kjenna og bruka dei prosedyrane som er lista opp i Olweus-programmet og som skal brukast i arbeidet med mobbesaker.	Kontinuerleg Informasjon til nyttilsette	Kontaktlærarane Leiinga	Referat
12. Rektor lagar aktivitetsplan etter at ein har fått varsel om at ein elev melder om mobbing eller andre krenkingar	Ved behov	Ved behov	Aktivitetsplan i Sikkersak

PLAN FOR SOSIAL KOMPETANSE - OLWEUSARBEIDET I KLASSANE PÅ BRYNE SKULE

Zippys/Eples venner

1.-3.(4) trinn arbeider med Zippys/Eples venner. Det er 10 ulike tema som er lagt til kvar månad.

1. Venskap – humanisme - august/september

2. Respekt - september

3. Hjelpsamheit- oktober

4. Kreativitet - november

5. Integritet - desember

6. Målrrettaheit- januar

7. Nysgjerrigheit- februar

8. Mot - mars

9. Leiareigenskapar - april

10. Tolmodigheit – mai/juni

Desse emnene heng saman med Olweus sin plan for sosial kompetanse. Det er dei same ferdigheitene ein trenar på.

Oleweus –plan for sosial kompetanse

Trinn	Emne	Mål	Ferdigheit
1. trinn	Empati	Vera grei mot andre	- Eleven tek andre med i lek - Eleven ler ikkje av andre/seier ikkje noko stygt til andre - Eleven seier i frå til ein vaksen viss nokon blir erta
	Samarbeid	Vera deltakande i ei gruppe	- Eleven kan sitja ved sidan av andre å jobba - Eleven leikar med andre
	Sjølvhedding/ sjølvtilitt	Vera trygg saman med andre	- Eleven gir uttrykk for kjenslene: lei seg, glad og sint (til ein vaksen) - Eleven torer å seie noko høgt når gruppa er samla
	Sjølvsjakk/ samhandling	Ta kontakt med andre på ein god måte	- Eleven kan venta på tur - Eleven torer å spør om hjelp - Eleven rekk opp handa når han/ho vil seia noko - Eleven helsar og seier takk
	Å vera ansvarleg	Ta ansvar for å følge gruppas/skulens reglar	- Eleven tek ansvar for skulesakene og garderobeplassen sin - Eleven følgjer gruppas reglar

	Humor og glede	Kan visa glede	- Eleven kan fortelja om noko han/ho gler seg til - Eleven kan fortelja om noko han/ho tykkjer er moro
--	----------------	----------------	---

Plan for sosial kompetanse på 2. trinn

Trinn	Emne	Mål	Ferdigheit
2. trinn	Empati	Å vera ein god medelev	- Eleven seier unnskyld når han/ho har gjort noko galt - Eleven trøyster når nokon er lei seg - Eleven seier hyggelege ting til andre. Gi kompliment.
	Samarbeid	Å vera hjelpsam (få og gi hjelp)	- Eleven kan jobba saman med meir enn ein - Eleven deler med andre/låner bort til andre
	Sjølvhending/sjølvtillit	Tore å vera seg sjølv	- Eleven ser på den han/ho snakkar med/til (augekontakt) - Eleven torer å framføra noko på ein scene - Eleven torer å seie kva han/ho meiner i gruppa på ein grei måte
	Sjølvkontroll/samhandling	Visa vennlegheit. Respektera når andre seier nei.	- Eleven følgjer med når andre snakkar - Eleven godtek eit nei - Eleven godtek ei unnskyldning frå andre
	Å vera ansvarleg	Å vite kva som er mitt og ditt	- Eleven deltek/er med i gruppeaktivitetar - Eleven spør om lov til å låne ting av andre - Eleven hjelper til med å rydde, eigne og andre sine ting
	Humor og glede	Vise glede	- Eleven ler når andre fortel noko morosamt - Eleven kan fortelja om noko som gjer han/ho glad

Plan for sosial kompetanse på 3. trinn

Trinn	Emne	Mål	Ferdigheit
-------	------	-----	------------

3. trinn	Empati	Kunna ta omsyn til andre	- Eleven ler ikkje av andre når nokon svarer feil - Eleven viser forståing for andre sine kjensler
	Samarbeid	Kunna arbeida saman med alle i gruppa	- Eleven kan følgja reglar i ein leik - Eleven kan venta på tur - Eleven kan foreslå ein inkluderande aktivitet
	Sjølvhelding/ sjølvtilit	Væra seg sjølv	- Eleven er stolt av eigne ferdigheiter - Eleven kan gje og ta imot ros - Eleven tør å gjera feil
	Sjølvkontroll/ samhandling	Klara å vera roleg i fellessamlingar/lyttar	- Eleven følgjer med når andre snakkar/fortel noko høgt - Eleven kan oppføra seg rett i ulike situasjonar
	Å vera ansvarleg	Kan samarbeida med andre og retta seg etter fleirtalet	- Eleven tek konsekvensen av det han/ ho gjer - Eleven gjer så godt han/ho kan i skulearbeidet
	Humor og glede	Kan visa glede	- Eleven blir glad når han /ho meistarar noko nytt - Eleven blir glad på andre sine vegne

Plan for sosial kompetanse på 4. trinn

Trinn	Emne	Mål	Ferdigheit
4. trinn	Empati	Kunna setja seg inn i andre sin situasjon	- Eleven kan kjenna att andletsuttrykk og kroppsspråk hos andre - Eleven kan lytta
	Samarbeid	Kunna godta reglar i frileik	- Eleven kan tilby seg å hjelpa (barn/vaksne) - Eleven kan bli med i ein gruppeaktivitet/leik som er i gang
	Sjølvhelding/ sjølvtilit	Våga å vera ærleg og innrømme feil	- Eleven kan fortelja noko han/ho er flink til - Eleven kan starta ein samtale - Eleven kan avslutta ein samtale
	Sjølvkontroll/ samhandling	Kunna halda avtalar	- Eleven kan fylja instruksar/fullføra oppgåver - Eleven toler å tapa
	Å vera ansvarleg	Klara å ta ansvar for skulearbeidet	- Eleven leverer/gjer arbeidsoppgåvene til rett tid - Eleven kan ta imot og hugsa ein beskjed
	Humor og glede	Klara å gje uttrykk for glede	- Eleven kan fortelja morosame historier

			- Eleven kan fortelja når han/ho blir glad for noko
--	--	--	---

Plan for sosial kompetanse på 5. trinn

Trinn	Emne	Mål	Ferdigheit
5. trinn	Empati	Kunna seia hyggelege kommentarar til kvarandre	- Eleven er ein god lyttar - Eleven forstår at andre kan ha det vanskeleg
	Samarbeid	Kan ta initiativ	- Eleven kan diskutera utan å skrika - Eleven gjer ordenselevtenesta skikkeleg
	Sjølvhending/sjølvtillit	Bli trygg på seg sjølv	- Eleven kan presentera seg sjølv - Eleven tek kontakt med andre på ein positiv måte
	Sjølvkontroll/samhandling	Kunna visa vanleg høflegheit	- Eleven kan ignorera det som forstyrrar - Eleven kan ta ei avgjersle/bestemma seg for noko - Dersom eleven blir sint, går det ikkje ut over andre
	Å vera ansvarleg	Er med på å gjera slik at alle i gruppa trivest	- Eleven taklar greitt å kjeda seg - Eleven tek avstand frå mobbing - Eleven tek ansvar for ro og orden rundt seg
	Humor og glede	Kan gleda seg når andre gjer det bra	- Eleven kan t.d. le av andre sine vitsar - Eleven kan gje ros til andre

Plan for sosial kompetanse på 6. trinn

Trinn	Emne	Mål	Ferdigheit
6. trinn	Empati	Klara å godta at andre er annleis enn ein sjølv	- Eleven har forståing for at ein kan ta ulike val i ulike situasjonar
	Samarbeid	Klara å framheva det positive i kvarandre	- Eleven gir positive tilbakemeldingar på andre sine handlingar/andre sitt arbeid - Eleven lyttar til andre og respekterer andre sine meiningar
	Sjølvhending/sjølvtillit	Klara å ta eigne val	- Eleven handterer gruppepress - Eleven veit at ho/han betyr noko for seg sjølv og andre
	Sjølvkontroll	Klara å tåla motgang	- Eleven taklar å tapa/ikkje ha rett - Eleven kan motstå gruppepress - Eleven blir ikkje misunneleg

	Samhandling		
	Å vera ansvarleg	Føla ansvar for fellesskapet	- Eleven baksnakkar ikkje - Eleven tek ansvar for skulen sin eigendom - Eleven opptrer som ein god representant for skulen når ein er på besøk utanfor skulen sitt område/eventuelt når skulen har besøk
	Humor og glede	Klara å gleda seg når andre lukkast	- Eleven gir spontan tilbakemelding når andre gjer noko bra

Plan for sosial kompetanse på 7. trinn

Trinn	Emne	Mål	Ferdigheit
7. trinn	Empati	Klara å forstå at alle er like verdfulle	- Eleven viser toleranse og forståing overfor andre sjølv om dei meiner/gjer noko anna enn ho/han - Eleven er inkluderande
	Samarbeid	Klara å utnytta eigenskapane til alle i ei gruppe	- Eleven arbeider greitt med oppgåver ho/han ikkje liker så godt å arbeida med
	Sjølvhelding/ sjølvtilitt	Vera bevisst eigne kjensler	- Eleven kan gje uttrykk for ulike kjensler hos seg sjølv (misunning, sjalusi, glede, sårheit, lukke, tilfredsheit, stoltheit....)
	Sjølvkontroll/ samhandling	Klara å løysa konflikter med ord og hjelpa andre når dei treng det	- Eleven vågar å vera sjølvstendig - Eleven kan vera ueinig utan å bli ubehageleg eller krangele - Eleven kan løysa konflikter utan å bruka vald eller vonde ord
	Å vera ansvarleg	Klara å ta ansvar for eigne handlingar i faglege og sosiale samanhengar	- Eleven tek ansvar for eiga læring - Eleven tek ansvar for det ho/han gjer (oppførsel) - Eleven veit at det han/ho gjer, kan få konsekvensar for andre – både på godt og vondt
	Humor og glede	Klara å le av seg sjølv, ha sjølvironi	- Eleven taklar å ikkje ta seg sjølv så høgtideleg - Eleven kjenner glede ved å gjera noko for andre

Vakt
○ Me er vakt for å vera med å skapa eit trygt og godt skulemiljø. Det inngår som eit ledd i Opplæringslova §12, og i vårt Zippy/ Olweusarbeid. ○ Det er ein viktig arena for sosial læring og relasjonsbygging mellom elev-elev og elev-vaksen. ○ Det er ein god arena for å observera og rettleiia elevar sosialt.
Retningslinjer: ○ Gå ut så raskt du kan. ○ Prøv å bytte vakt innbyrdes om du skal vekk/kurs. Ved sjukdom gjer du beskjed til trinnkontakt. ○ Me bruker vest og har med fløyte. ○ Ver obs på om ein vakt treng hjelp. Det er låg terskel for å be om hjelp. ○ Når eit trinn er vekke, og tilsette som har vakt er på tur, vil det vera færre elevar ute. Ein må då vurderer om det er nødvendig å setta inn ekstra vakt. ○ Me prøver å løysa situasjonar der og då. ○ Me gjer beskjed (direkte/teams) med namn/hending til lærar. ○ Me har eit ekstra blick på elevar som går aleine, og med dei som strevar med sosialt samspel. Me sjekkar ut og bygg relasjon med desse elevane.
For elevane: ○ Elevane 5.-7. har lov å bruka heile området. Me ønsker at dei eldste skal vera rollemodellar for dei små. ○ 1.-4 trinn kan bruka område 3,4,5,6,7 ○ Ballbinge, fotballbanar og helikopterdisa, har eigen inndeling/dag for trinna. ○ Alle har lov å leika, og spela ute. ○ Du må passa på at leiken ikkje blir til fare for andre, og for deg sjølv og for skulen sin eigendom. Du er ein del av eit stort fellesskap. ○ For å passa på at du er trygg, er det viktig at du er innanfor skulen sitt område. ○ Om den vaksne ber deg om å avslutta eller endre leiken, må du følge det den vaksne seier.

For tilsette: Til hjelp - retningslinjer:
★ Zip-linen har køordning. ★ Ved kø i UFO-dissa: 5 min kvar.

- ★ Helikopteret (v/gymsalen): Det er ikkje lov til å klatra på toppen av stanga når andre snurrar. Dei som ventar må stå utanfor ringen. Kø-ordning og gje fart ein "tur".
- ★ Når ein vil balansera på muren v/BKS er det lov å balansera der det er gras under.
- ★ Det er ikkje lov til å dra bort borda for å hoppa ned på trampolinen.
- ★ Det skal ikkje spelast fotball på området bak banen, mot brakkebygget. Det er og berre dei som har banen som kan bruka dette området.
- ★ Den store grusbanen skal brukast av TL/TL-leiker.
- ★ Vanleg bordtennisbord skal berre brukast til ordinær bordtennis.
- ★ Bordtennisbord i stein kan brukast til slådabb/fotball.
- ★ Trinna avgjer korleis laginndelinga skal praktiserast på kunstgrasbanen og i bingen.
- ★ Det er ikkje lov å klatra på tak, konteinarar og lyktestolpar.
- ★ Det er ikkje lov å leikesloss eller ha "pinneleiken".
- ★ Ingen har lov til å vera med syklane.